



Ein spenstig gjeng i pausen mellom lengde- og høgdekonkurransen

Friidrettsgruppa i idrettslaget arrangerte mandag seriestemne i hopp utan tilløp i Aktivitetshuset. 9 ivrige deltakarar gjorde ein flott innsats. Gruppa har hatt fast innandørstrening kvar mandag i vinter, og stemnet markerte avslutning på innandørssesongen.

Fleire av dei spretne gutane og jentene sette personleg rekord, eller var nær ved å gjera det. Det er grunn til å setja eit ekstra kryss ved namnet til 12 år gamle Jonathan Taranger. Han hadde beste resultat i begge øvingane. I lengde strekte han seg til 2.09m, medan i høgde noterte han denne gongen 1m. Høgderesultatet vart prega av at det vart knapt med tid, og sjølv om resultatet er bra, er det eit stykke unna den fantastiske persen på 1,15m som hadde sette i eit stemne i Herøysundet tidlegare i vinter. Fleire av dei andre viste og svært god spenst.

Resultat :

Lengde u.t.:

G2004: Mats Eidsvik	1,45m
G2004: Torbjørn Haugland	1,63m
G2003: Jostein Soldal	1,59m
G2003: Jonathan Taranger	2,09m
G2002: Kristian K. Hansen	1,75m
G2002: Viljar S. Tveit	1,81m
J2006: Karoline E. Myklebust	1,39m
J2003: Saima K. Døssland	1,52m
J2001: Sunniva E. Myklebust	1,64m

Høgde u.t.

G2004: Mats Eidsvik	0,70m
G2004: Torbjørn Haugland	0,85m
G2003: Jostein Soldal	0,85m
G2003: Jonathan Taranger	1,00m
G2002: Kristian K. Hansen	0,90m
G2002: Viljar S. Tveit	0,95m
J2006: Karoline E. Myklebust	0,70m

J2003: Saima K. Døssland 0,85m
J2001: Sunniva E. Myklebust 0,80m

Etter at konkurransen var ferdig, vart det delt ut gull-, sølv- og bronsemedaljar til dei tre beste i disiplinane løp, hopp og kast i gute- og jenteklassen i 2014. Desse vart premiert: Ella Karin Hjørnevig, Hanna Tvilde, Thea Taranger, Emma M. Ripel, Selma Ovidia Tarberg, Johannes Haugland, Jonathan Taranger, William Hjørnevig og Torbjørn Haugland.

Stemnet og premieutdelinga var ei fin markering av at innandørsseongen no er slutt. Etter påske startar utandørsseongen opp. Då er det klart for terrengløpskarusellen, eit populært tiltak som starta opp i fjor. Jostein Saghaug og Margunn Eik er trenarar i friidrettsgruppa.



Sunniva tar sats i lengde.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland